Brønnøysundregistrene

ÅRSREGNSKAPET FOR REGNSKAPSÅRET 2023 - GENERELL INFORMASJON

Enheten

Organisasjonsnummer:	937 893 922
Organisasjonsform:	Sparebank
Foretaksnavn:	Valle Sparebank
Forretningsadresse:	Nordibøvegen 143 4747 VALLE

Regnskapsår

Årsregnskapets periode:	01.01.2023 - 31.12.2023

Konsern

Morselskap i konsern:	Ja
Konsernregnskap lagt ved:	Nei

Regnskapsregler

Regler for små foretak benyttet:	Nei
Benyttet ved utarbeidelsen av årsregnskapet til selskapet:	IFRS

Årsregnskapet fastsatt av kompetent organ

Bekreftet av representant for selskapet:	Jostein Rysstad
Dato for fastsettelse av årsregnskapet:	07.03.2024

Grunnlag for avgivelse

År 2023: Årsregnskapet er elektronisk innlevert

År 2022: Tall er hentet fra elektronisk innlevert årsregnskap fra 2023

Det er ikke krav til at årsregnskapet m.v. som sendes til Regnskapsregisteret er undertegnet. Kontrollen på at dette er utført ligger hos revisor/enhetens øverste organ. Sikkerheten ivaretas ved at innsender har rolle/rettighet for innsending av årsregnskapet via Altinn, og ved at det bekreftes at årsregnskapet er fastsatt av kompetent organ.

Brønnøysundregistrene, 06.07.2025

Resultatregnskap

Beløp i: NOK	Note	2023	2022
RESULTATREKNESKAP			
Renteinntekter og liknande inntekter			
Renteinntekter berekna etter effektivrentemetoden av utlån til og krav på kredittinstitusjonar og fi		2 383 000	1 150 000
Renteinntekter berekna etter effektivrentemetoden av utlån til og krav på kundar		91 396 000	53 922 000
Renteinntekter berekna etter effektivrentemetoden av renteberande verdipapir		9 478 000	4 121 000
Sum renteinntekter og liknande inntekter		**103 257 000**	**59 193 000**
Rentekostnader og liknande kostnader			
Rentekostnader berekna etter effektivrentemetoden på gjeld til kredittinstitusjonar og finansierings		5 602 000	2 930 000
Rentekostnader berekna etter effektivrentemetoden på innskot frå og gjeld til kundar		41 469 000	16 061 000
Rentekostnader berekna etter effektivrentemetoden på utskrivne verdipapir		2 649 000	1 351 000
Øvrige rentekostnader		1 474 000	1 458 000
Sum rentekostnader og liknande kostnader		**51 194 000**	**21 800 000**
Netto renteinntekter	18	**52 063 000**	**37 393 000**
Provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester	20	11 637 000	11 498 000
Provisjonskostnader og kostnader ved banktenester		1 451 000	1 650 000
Utbytte og andre inntekter av eigenkapitalinstrument			
Inntekter av aksjar, partar og andre eigenkapitalinstrument		2 825 000	4 220 000
Sum utbytte og andre inntekter av eigenkapitalinstrument	20	**2 825 000**	**4 220 000**
Netto verdiendring og vinst/tap på valuta og finansielle instrument			
Netto verdiendring og vinst/tap på renteberande verdipapir		1 000	-908 000
Netto verdiendring og vinst/tap på aksjar og andre eigenkapitalinstrument		927 000	457 000
Netto verdiendring og vinst/tap på valuta og finansielle derivat		118 000	133 000
Sum netto verdiendring og vinst/tap på valuta og finansielle instrument	20	**1 046 000**	**-318 000**

Resultatregnskap

Beløp i: NOK	Note	2023	2022
Andre driftsinntekter	20	169 000	225 000
Lønn og andre personalkostnader	21	16 441 000	13 673 000
Andre driftskostnader	22	**18 762 000**	**18 476 000**
Av-/nedskrivingar, verdiendringer og vinst/tap på ikkje-finansielle eigedelar			
Avskrivingar		1 069 000	993 000
Vinst/tap		503 000	
Sum av-/nedskrivingar, verdiendringer og vinst/tap på ikkje-finansielle eigedelar	31	**-566 000**	**-993 000**
Kredittap på utlån, garantiar m.v. og renteberande verdipapir			
Kredittap på utlån målt til verkeleg verdi over resultat		132 000	1 175 000
Kredittap på garantiar og ubenytta rammekreditter som ikkje målast til verkeleg verdi over resultat		-113 000	-37 000
Sum kredittap på utlån, garantiar og renteberande verdipapir	11	**19 000**	**1 138 000**
Resultat før skatt frå vidareført verksemd		**30 501 000**	**17 088 000**
Skatt på resultat frå vidareført verksemd	23	7 046 000	3 416 000
Resultat etter skatt frå videreført verksemd		**23 455 000**	**13 672 000**
Resultat før andre inntekter og kostnader		**23 455 000**	**13 672 000**
Andre inntekter og kostnader			
Andre inntekter og kostnader knytta til investeringer i eigenkapitalinstrument	25	3 785 000	12 630 000
Sum andre inntekter og kostnader		**3 785 000**	**12 630 000**
Totalresultat for rekneskapsåret		**27 240 000**	**26 302 000**

Balanse

Beløp i: NOK	Note	2023	2022
BALANSE - EIGEDELAR			
Kontantar og kontantekvivalentar	24,25	23 448 000	43 988 000
Utlån til og krav på kredittinstitusjonar og finansieringsføretak			
Utlån til og krav på kredittinstitusjonar og finansieringsføretak til amortisert kost		88 995 000	62 034 000
Sum netto utlån og krav på kredittinstitusjonar og finansieringsføretak	24,25	**88 995 000**	**62 034 000**
Utlån og krav på kundar			
Utlån og krav på kundar til amortisert kost		1 853 150 000	1 783 336 000
Sum utlån og krav på kundar	6-11,24,25	**1 853 150 000**	**1 783 336 000**
Renteberande verdipapir			
Renteberande verdipapir til verkeleg verdi		197 540 000	179 156 000
Sum renteberande verdipapir	26	**197 540 000**	**179 156 000**
Aksjar, partar og andre eigenkapitalinstrument			
Aksjar, partar og andre eigenkapitalinstrument	27,28	128 342 000	120 385 000
Varige driftsmiddel			
Eigarnytta eigedom		9 992 000	11 679 000
Andre varige driftsmiddel		3 598 000	3 759 000
Sum varige driftsmiddel	31	**13 590 000**	**15 438 000**
Andre eigedelar			
Eigedelar ved utsett skatt		492 000	1 362 000
Andre eigedelar		3 188 000	3 022 000
Sum andre eigedelar	32	**3 680 000**	**4 384 000**
SUM EIGEDELAR		**2 308 745 000**	**2 208 721 000**
BALANSE - GJELD OG EIGENKAPITAL			

Balanse

Beløp i: NOK	Note	2023	2022
GJELD			
Innlån frå kredittinstitusjonar og finansieringsføretak			
Innlån frå kredittinstitusjonar og finansieringsføretak til amortisert kost		140 952 000	106 013 000
Sum innlån frå kredittinstitusjonar og finansieringsføretak	33	**140 952 000**	**106 013 000**
Innskot og andre innlån kundar			
Innskot og andre innlån frå kundar til amortisert kost		1 797 386 000	1 756 374 000
Sum innskot og andre innlån frå kundar	34	**1 797 386 000**	**1 756 374 000**
Gjeld stifta ved utskriving av verdipapir			
Gjeld stifta ved utskriving av verdipapir til amortisert kost		50 166 000	50 094 000
Sum gjeld teken opp ved utskriving av verdipapir	35	**50 166 000**	**50 094 000**
Finansielle derivat			
Anna gjeld			
Anna gjeld	36	7 002 000	10 689 000
Avsetjingar			
Pliktar ved periodeskatt		6 945 000	4 711 000
Avsetjingar på garantiar og unytta rammekredittar		93 000	207 000
Andre avsetjingar		1 890 000	2 452 000
Sum avsetjingar	23	**8 928 000**	**7 370 000**
Ansvarleg lånekapital			
Sum ansvarleg lånekapital		**0**	**0**
Fondsobligasjonskapital			
Sum fondsobligasjonskapital		**0**	**0**
Sum gjeld		**2 004 434 000**	**1 930 540 000**
EIGENKAPITAL			
Innskoten eigenkapital			
Sum innskoten eigenkapital		**0**	**0**

Balanse

Beløp i: NOK	Note	2023	2022
Opptent eigenkapital			
Fond for urealiserte vinster		30 470 000	26 867 000
Sparebanken sine fond		267 966 000	245 830 000
Gåvefond		5 875 000	5 484 000
Sum opptent eigenkapital		**304 311 000**	**278 181 000**
Sum eigenkapital		**304 311 000**	**278 181 000**
SUM GJELD OG EIGENKAPITAL		**2 308 745 000**	**2 208 721 000**

ÅRSMELDING OG REKNESKAP 2023

158. forretningsår

INNHALD

Årsmelding 2023 4
Resultatrekneskap 10
Balanse 11
EK oppstilling 12
Kontantstraumoppstilling- direkte metode 12
Nøkkeltal 13
Desse styrer banken 14
Valle Sparebank i tida 1970 - 2023 14
Note 1 - Rekneskapsprinsipp 16
Note 2 – Kredittrisiko 18
Note 3 - Bruk av estimat og skjønsmessige vurderingar. 21
Note 4 – Kapitaldekning 22
Note 5 – Risikostyring 22
Note 6 – Utlån til kundar fordelt på nivå for kredittkvalitet 24
Note 7 – Fordeling av utlån 26
Note 8 – Kredittforringa lån 26
Note 9 – Forfalne kredittforringa lån 27
Note 10 – Eksponering på utlån 28
Note 11 - Nedskriving på utlån, unytta kredittar og garantiar 28
Note 12 – Store engasjement 30
Note 13 – Sensitivitet 31
Note 14 – Likviditetsrisiko 32
Note 15 – Valutarisiko 32
Note 16 – Kursrisiko 32
Note 17 – Renterisiko 33
Note 18 – Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter 34
Note 19 – Segmentinformasjon 34
Note 20 – Andre inntekter 34
Note 21 – Løn og andre personalkostnadar 35
Note 22 – Andre driftskostnadar 36
Note 23 - Transaksjonar med nærståande 36
Note 24 – Skatter 37
Note 25 – Kategoriar av finansielle instrument 38
Note 26 – Verkeleg verdi finansielle instrument 38
Note 27 – Sertifikat og obligasjonar 40
Note 28 – Aksjar, eigenkapitalbevis og fond til verkeleg verdi over resultat 40
Note 29 – Aksjar og eigenkapitalbevis til verkeleg verdi over utvida resultat 40
Note 30 – Finansielle derivat 41
Note 31 – Varige driftsmidlar 41
Note 32 – Andre eigedelar 41
Note 33 – Innlån frå Kredittinstutisjonar 41
Note 34 – Innskot frå kundar 42
Note 35 - Verdipapirgjeld 42
Note 36 – Anna gjeld og pensjon 42
Note 37- Garantiar 43
Note 38- Hendingar etter balansedagen 44
Note 39- Leigeavtalar 45
Revisors beretning 46

Foto: Marit Simonstad Kvaale

ÅRSMELDING 2023

FORRETNINGS- OG MARKNADSTILHØVE FOR VALLE SPAREBANK

Valle Sparebank – etablert i 1866, er ein frittståande og sjølvstendig sparebank i Valle kommune i Agder. Hovudkontoret ligg i Valle og banken har to avdelingskontor, eit i Markensgate 2a i Kristiansand og eit på Hunsøya Næringspark i Vennesla. Avdelingskontoret i Kristiansand vart etablert i januar 2006, og avdelingskontoret i Vennesla vart etablert i 2017.

Valle Sparebank er aksjonær i Eika Gruppen AS. Eika Alliansen består av rundt 45 lokalbankar i Noreg, Eika Gruppen AS og Eika Boligkreditt AS. Eika Alliansen er ein av Noregs største finansgrupperingar, med samla forvaltningskapital på om lag 480 milliardar kroner. Valle Sparebank er på den måten del av eit strategisk samarbeid, der Eika Gruppen si kjerneverksemd er å sikre at lokalbankane har moderne, effektiv og trygg bankdrift gjennom gode og kostnadseffektive produkt- og tenesteleveransar. Leveransane inkluderer ei komplett plattform for bankinfrastruktur inkludert IT, betalingstenester og samhandlingsverktøy for bankens tilsette og kundar.

Produktselskapa i Eika Gruppen - Eika Forsikring, Eika Kredittbank og Eika Kapitalforvaltning - leverer til bankane eit bredt spekter av finansielle produkt, kommersielle løysningar og kompetansehevande tenester.

I 2023 inngjekk Eika Kredittbank ein avtale om fusjon med Sparebank1 Kreditt, og Eika Forsikring ein avtale om å slå seg saman med Fremtind Forsikring. Etter planen, og forutsett myndigheitenes godkjenning,vil desse selskapa bli fusjonert i 2024. Bankane i alliansen vil være eigarar av og distributørar av produkta frå dei to samanslåtte selskapa. Dette er gjort for å styrke dei to selskapa sin konkurransekraft som igjen vil bidra til å styrke lokalbankane.

Valle Sparebank driv i dag hovudsak ei tradisjonell moderne bankverksemd, med eit fullverdig tilbod til privat- og bedriftskundar. Banken er stolt av si historie, og opptatt av å bidra til vekst og utvikling av lokalsamfunnet.

Banken si primære kundegruppe er personkundar, og då særleg i Setesdal, Vennesla og Kristiansandsregionen. Sjølv om mange kundar bur utanfor Setesdal, er dette ofte kundar med ei eller anna knyting til Valle eller Setesdal. Innan Valle kommune har banken ein heilt dominerande marknadsposisjon, og innan Bykle kommune er også marknadsposisjonen sterk.

I tillegg til personmarknaden representerer det lokale næringslivet, offentleg sektor og lag og organisasjonar i øvre Setesdal viktige kundegrupper for banken.

Folketalsutviklinga i marknadsområda til banken varierer ein del. I Valle var 1205 personar heimehøyrande pr. 4.kvartal 2023, mot 1180 på same tidspunktet i 2022. Samla folketal i det banken definerer som satsingsområde på personkundemarknaden er om lag 120 000.

Det var ingen arbeidsledige i Valle kommune ved utgangen av 2023. Dette er lågast i Agder. Tilsvarande tal for Agder er 2,0%. Tala er lågare i høve til for eitt år sidan.

Valle Sparebank har i fleire år gjennomført ei omfattande marknadsundersøking blant banken sine kundar. Undersøkinga syner at Valle Sparebank har svært nøgde og lojale kundar, og resultata er på nivå med dei beste bankane i landet. Servicenivået og den personlege kontakta er område banken skårar høgt på i undersøkingane.

Drifta av banken er lagt opp til at ho skal vere kostnadseffektiv, fleksibel, kundeorientert og med stor grad av personleg service. Risikoprofilen skal vere låg til moderat. Samstundes bør innteninga vere tilstrekkeleg til å sikre at banken held på den finansielle styrken som har vorte bygd opp gjennom tidene.

Banken har ingen forskings- og/eller utviklingsaktivitetar.

ØKONOMISK UTVIKLING OG RAMMEVILKÅR FOR SPAREBANKANE

2023 har også vore eit år prega av internasjonal uro og framleis krig i Ukraina, dette har påverka norsk og internasjonal økonomi. Den økonomiske veksten i Europa har vore svak, svakare enn utviklinga i USA. Den økonomiske utviklinga for Noreg har vore ganske flat i 2023. Framleis høg prisvekst, og raskt aukande rentenivå, lågare privatforbruk og låg bustadbygging har dempa veksten, medan næringsinnvesteringer framleis er høge og bidreg til å halde aktiviteten oppe. Gjennom heile 2023 har arbeidsløysa vore låg, men svakt stigande mot slutten av året. Norsk økonomi fekk i 2023 ein svak vekst i BNP for Fastlands-Noreg på 0,7 prosent, i følgje foreløpige nasjonalrekneskapstal frå SSB, det er ned frå heile 3,8 prosent året før.

Norges Bank sette opp styringsrenta seks gongar i 2023, til 4,5 prosent, dette for å få kontroll på den høge prisveksten som har prega økonomien dei siste par åra. Inflasjonen endte i 2023 på 4,8 prosent, godt over Noregs Bank sitt inflasjonsmål på 2 prosent.

Renteauken har ført til lågare gjeldsvekst hjå både bedrifter og hushaldningar. Tal frå SSB syner at 12-månders kredittvekst har falt til 3,4 prosentpoeng ved utgonga av 2023.

Arbeidsløysa auka til 3,7 prosent ved utgangen av året, 0,3 prosentpoeng høgare enn ved årets inngong.
Talet på ledige stillingar var likevel over 100 000 ved årskiftet. Lønnsveksten auka i 2023, til om lag 5,5 prosent, etter eit år kor reallønsveksten endte med kraftig nedgang.

Antall konkursar auka med 22 prosent i dei 11 fyrste månadane av 2023, målt mot same periode i fjor. Byggje- og anleggsverksemda, var hardast råka.

Bustadprisane falt ifølge tal frå SSB med 0,5 prosent i 2023. Omsetninga av bustader var marginalt høgare i 2023 enn året før.

Veksten i norsk økonomi i 2024 vil truleg bli om lag på linje som 2023, arbeidsløysa ventast å auke noko, men norsk økonomi går nok mot ei mjuk landing og rente-toppen er truleg nådd. I rentemøtet januar 2024 valde Noregs Bank å halde styringsrenta uendra på 4,5 prosent, og signaliserte at den vil bli liggjande på same nivå ei god stund framover.
Prisveksten ventast å fortsette å avta gradvis i lys av at økonomien kjølast ned og prisimpulsane frå utlandet blir svakare. På den andre sida vil svak krone og høg kostnadsvekst i bedriftene bidra til å halde inflasjonen oppe.

BALANSE - UTVIKLING

Banken har i 2023 hatt ein auke i forvaltnings-kapitalen på 100,02 mill. kr. Dette er ein auke på 4,5% i høve til året før. Forvaltningskapitalen er pr. 31.12.2023 på 2 308,7 mill. kr. Tek ein med bustadlån gjennom Eika Boligkreditt, forvaltar banken eit volum på 3 092 mill. kr pr. 31.12.2023, mot 2 990 mill. kr pr 31.12.2022.

Utlånsveksten er på 69,5 mill. kr eller 3,9%, og samla brutto utlån er på 1 858 mill. kr. I tillegg har banken formidla lån til Eika Boligkreditt på til saman 783 mill. kr. Samla utlånsvekst, inklusive veksten i Eika Boligkreditt, utgjer 2,78% i 2023.

Det har vore ein auke i innskota på 41,0 mill. kr, eller 2,34%, slik at samla innskot no er på 1 797,4 mill. kr. Dette gjev ei innskotsdekning på 96,7%, mot 98,2% året før. For å finansiere utlån utover innskotsnivået har banken teke opp lån i pengemarknaden.

DRIFTSRESULTAT – NØKKELTAL

Resultat før skatt syner eit overskot på 30,5 mill. kr, mot eit overskot på 17,1 mill. kr til same tid i fjor. Skattekostnaden etter rekneskapen er 7,0 mill. kr.

Totalresultat etter skatt og verdijustering på aksjar målt til verkeleg verdi, syner eit overskot på 27,2 mill. kr.
Til samanlikning synte resultatet av ordinær drift etter skatt eit overskot på 26,3 mill. kr til same tid i fjor.

Styret vil gjere framlegg om at resultatet vert disponert slik:
Kr 22,14 mill. overført sparebanken sitt fond.
Kr. 1,5 mill. overført gåvefondet.
Kr. 3,60 mill. overført fond for urealisert gevinstar.

Samla eigenkapitalen utgjer 304,3 mill. kr, netto ansvarleg kapital utgjer 232,3 mill. kr, dette gjev ein kapitaldekning på 23,40% før konsolidering. Kapitaldekning etter konsolidering er 22,77%.
Bankens soliditet er god, og ansvarleg kapital består av rein kjernekapital.

Rentenettoen har auka med om lag 14,7 mill. kr samanlikna med 2022 på grunn av betra rentemargin. Banken har i løpet av 2023 justert rentenivået 6 gonger som konsekvens av rente endringar frå Noregs Bank.

Provisjonsinntektene auka med 0,140 mill. kr, medan utbytte frå verdipapir i 2023 var på 2,8 mill. kr, mot 4,2 mill. kr året før, kor størstedelen kjem frå eigarskap i Eika Gruppen/ Eika Boligkreditt AS.

Sum driftskostnader er om lag 2,6 mill. kr høgare i 2023 enn året før. Det er høge ekstraordinære kostnader som er knytt til bytte av kjernebankleverandør frå SDC til Tietoevry. Det er i 2023 belasta 3,3 mill. kr knytt til byttet, mot 3,0 mill. kr i 2022. Bankens driftskostnadar korrigert for eingongskostnadane utgjer 32,4 mill. kr.

Det er tapsført 0,018 mill. kr på utlån i rekneskapen, noko som er 1,1 mill. kr lågare enn året før.
Utover dette har det ikkje vore hendingar i rekneskaps-året som har påverka resultatet særskild. Det har heller ikkje vore hendingar etter utgangen av rekneskapsåret som er viktige for resultatrekneskapen.
Styret er godt nøgd med resultatet av drifta i 2023. Styret kan stadfeste at alle føresetnader for drift av banken i komande år er til stades.

Det er elles ikkje knytt vesentlege usikre faktorar til årsrekneskapen som påverkar bedømminga av rekneskapen.

RISIKOSTYRING OG KONTROLL

Generelt om risikostyring og kontroll i verksemda

Bankverksemda inneber risiko. Styret i Valle Sparebank har vedteke prinsippa for banken si risikostyring i form av overordna policydokument og områdepolicyar for ulike risikoområde. Styret legg vekt på å ha ei aktiv oppfølging av prinsippa, og reviderer desse årleg. For bank-verksemda samla kan banken akseptere låg til moderat risiko, medan risikonivået kan variere mellom ulike risikoområde.

Styret gjennomfører årleg ICAAP-gjennomgang for å avdekke risikonivå og tilhøyrande kapitalbehov i bank-verksemda, denne blir sendt inn til Finanstilsynet.

RSM Norge AS har sidan 2017 vore ekstern revisor.

Banken nyttar seg aktivt av Eika VIS sine tenester i arbeidet med policydokument og verktøy til bruk i risikostyringa. Dei viktigaste risikoområda er omtala her.

Strategisk risiko

Strategisk risiko er risikoen banken er utsett for som konsekvens av strategiske val. Måloppnåinga i høve til økonomiske måltal i strategiplanen har vore tilfredsstillande i 2023. Det har opp gjennom åra blitt gjennomført marknadsundersøking som syner at Valle Sparebank har svært nøgde og lojale kundar. Satsinga i Kristiansand og Vennesla har medført tilvekst av nye kundar.

For å sikre eige sjølvstende har banken vald å vere medeigar av Eika Gruppen AS. Valle Sparebank sin eigardel utgjer 0,51% av selskapet. Eika Gruppen AS syter for utføring av ein del fellesoppgåver og gjev banken tilgang til å selje ei rekkje finansielle produkt.
I tillegg har eigarskapet gjeve avkastning i form av eit årleg utbytte. Eika Gruppen AS er også eit viktig talerøyr for små sparebankar når det gjeld å påverke framtidige rammevilkår.
I 2020 inngjekk Eika og lokalbankane avtale med Tieto-Evry om leveranse av ny kjernebankløysing til bankane i alliansen. Avtalen vil styrke Valle Sparebank si langsiktige konkurransekraft gjennom kostnads-effektivisering, styrka utviklingskraft og auka strategisk fleksibilitet. Valle Sparebank gjekk over til TietoEvry oktober 2023.

Risikoen for at ikkje banken har tilstrekkeleg og rett kompetanse for framtida er eit område styret har fokus på. Valle Sparebank har difor prioritert vidareutdanning og intern opplæring i fleire år. Styret vurderer den strategiske risikosituasjonen som tilfredsstillande.

Kredittrisikoen

Kredittrisikoen, dvs. risikoen for at ein kunde ikkje kan oppfylle sine skyldnader rettidig, er den største risikoen i banken. Dersom heller ikkje verdien av den underliggjande pantetrygda er tilstrekkeleg til å dekke kravet ved misleghald og eventuell realisasjon av pantet, vil tap oppstå.

Styret vurderer det slik at banken, no som før, må kunne take noko større risiko innan kommunen enn utanfor. Styret vurderer likevel denne risikoen som moderat. Lån og garantiar er rimeleg godt sikra mot tap. Det vert lagt stor vekt på kunden sin økonomi og den trygda som vert stilt. Nedskrivingane på utlånsporteføljen har dei siste åra vore noko høgare enn snittet for norske bankar.

Omlag 91,85% av samla brutto utlån er lån til personkundar. Reknar ein med lån overført til Eika Boligkreditt AS er personkundedelen endå høgare; 94,2%. Dette gjer at kredittrisikoen er spreidd og lite konsentrert. Banken har avsett 3,1 mill. kr på steg 3, og 2,4 mill. kr samla på steg 1 og steg 2.
Rekneskapsmessig tapskostnad i 2023 er 0,018 mill. kr.

Banken har formidla bustadlån for i alt 783 mill. kr i Eika Boligkreditt AS, mot 781 mill. kr på same tid i fjor. Dette er lån innanfor 75% av panteverdi og har såleis låg risiko. Om lag 31% av personkundelåna i banken er overførte til Eika Boligkreditt AS, mot 32% året før.

I 2023 har banken revidert kredittpolicyen og kreditthandboka.

Likviditetsrisikoen

Likviditetsrisikoen er også eit vesentleg risikoområde i banken, og gjeld den risikoen som banken har for å ikkje ha tilstrekkelege likvidar ved forfall av skyldnader. Valle Sparebank skal ha ein låg likviditetsrisiko.

Balansen mellom innskots- og utlånsvolum avgjer behovet for å låne inn frå pengemarknaden. Valle Sparebank har i løpet av 2023 hatt ei stabil god innskots-dekning, det vil seie innskot i prosent av utlån. Innskotsdekninga var ved utgangen av året 96,7% mot 98,2% året før. Internt minimumskrav er fastsett til 85%. Innlånsbehov utover kundeinnskota er dekka opp med lån frå Kredittforeningen for Sparebanker og obligasjons-lån.

Innskot og lånerettar i Noregs Bank, trekkrettar i DNB utgjer saman med obligasjonsporteføljen den vesentlege delen av likviditetsbufferen. Pr. 31.12.2023 utgjorde trekkrettane i DNB 75 mill. kr. Det var pantsett verdipapir i Noregs Bank med ein samla låneverdi på 162 mill. kr. Samla obligasjonsportefølje og likvide rentefond utgjer på same tid 229 mill. kr. Innskot i Noregs Bank utgjer 22,4 mill. kr.

Bankens LCR (liquidity coverage ratio) rapporterast kvar månad til Finanstilsynet, dette nøkkeltalet synar likvidtetsstraumen dei neste 30 dagane i ein stressituasjon.
Minstekravet til LCR er 100, bankens minstekrav er 110. Bankens LCR pr. 31.12.2023 var 283, mot 184 på same tidspunkt året før.

Stabil finansiering (NSFR) rapporterast kvartalsvis. Bankens minstekrav til NSFR er 110, pr. 31.12.2023 var NSFR på 143.

Den generelle likviditetsrisikoen er om lag uendra i løpet av året. Innlånskostnadene for bankane har auka i 2023.

Status på likviditetsområdet vert rapportert til styret kvartalsvis i høve til gjeldande krav og rammer i likviditetspolicyen. Likviditetsrisikoen har vore låg heile året, i tråd med bankens risikopolicy.

Eika Boligkreditt vert framleis vurdert som eit viktig verktøy som kan avlaste banken sitt eksterne fundingbehov og gjere banken konkurransedyktig i kampen om personkundelån. Det er klargjort ein utlånsportefølje som kan flyttast til Eika Boligkreditt for raskt å få tilgang til likviditet i ein krisesituasjon.

I 2023 har banken som tidlegare år revidert likviditetspolicyen.

Renterisikoen

Dersom rentereguleringstidspunktet på innskot og utlån ikkje er tilnærma samanfallande, kan dette gjeve negative utslag på innteninga i banken. Denne risikoen er liten av di banken mest ikkje har innskot eller utlån til fast rente, og renta kan difor regulerast samtidig.

Lån som banken har teke opp i marknaden har som regel ulik bindingstid. Låna vert regulert 3. kvar månad. Rente-risikoen er difor også her liten. Banken har ingen handelsportefølje med obligasjonar. Pliktige likviditets-plasseringar i obligasjonar har korte renteregulerings-intervall slik at renterisikoen her er liten. Renterisikoen på obligasjonsmassen er no slik at dersom det vert ei renteendring på 1,0 % i marknadsrenta, vil dette slå ut i ei kursendring på kr 0,3 mill. Samla sett vurderast renterisikoen som låg.

Marknadsrisiko

Banken har i dag ingen portefølje av verdipapir for å utnytte svingingar i marknaden. Banken driv ingen handel med derivat eller valuta.
Banken har avtale med Eika Kapitalforvaltning om forvaltning av likviditetsplasseringane, og bankens policy for marknadsrisiko fastset dei overordna retningslinjene, krav og rammer knytt til marknadsrisiko. Styret får kvartalsvise rapportar som synar risiko målt opp mot rammer. Risikoprofilen skal vere moderat.
Når det gjelder ESG-risiko knytt til bankens investering, skal Eika Kapitalforvaltning følgje regelverk for berekraftig investeringar med ein investeringsprofil som har tydelege retningslinjer når det gjelder ansvarlege investeringar.

I 2023 har banken som tidlegare år revidert marknads-policyen.

Valutarisiko

Valle Sparebank har ikkje valutabehaldning.

Banken har hatt kontrakt med danske SDC fram til november 2023 i danske kroner, denne avtalen er no avslutta. Har vurdert valutarisiko som låg.

Operasjonell risiko

Operasjonell risiko er i hovudsak risikoen for tap knytt til den daglege drifta av banken. Svikt i system og rutinar er døme på tapshendingar. Feil kan også oppstå på grunn av manglande kontrollar, kompetansesvikt, menneskeleg svikt og manglande oppfølging av lover og forskrifter. Ein vesentleg del av den operasjonelle risikoen i banken er knytt til informasjons- og kommunikasjonsteknologi, tiltak mot kvitvasking og terrorfinansiering samt kompetanse og nøkkelpersonrisiko.
For å ivareta den operasjonelle risikoen nyttar banken aktivt infrastruktur som gjerast tilgjengeleg via Eika Alliansen. Dette gjelder både tenester, produkt, bank-system/IKT og malverk. Eika VIS sine tilrettelagte modellar og malar sikrar eit oppdatert og hensiktsmessig rutineverk, som banken tilpassar eigen størrelse og kompleksitet. Banken har også inngått avtale med Eika Økonomiservice for å redusere sårbarheita på CRD IV-rapportering.

Operasjonell risiko, inkludert rapportering av potensielle tapshendingar, vert rapport kvartalsvis til styret.
Den operasjonelle risikoen vert vurdert som moderat.

Internkontrollen i banken er ein viktig reiskap til å kart-leggje og forbetre dette risikoområdet. Styret har årleg gjennomgang av internkontrollen, og denne vert stadfesta av ekstern revisor.


Foto: Geir Daassvatn

ORGANISASJON OG PERSONALE

Banken har ved utgangen av året 16 tilsette, totalt 15,45 årsverk.
Styret har fokus på at banken skal ha eit godt arbeidsmiljø, og at det skal vere ein attraktiv arbeidsplass. God intern informasjon og kommunikasjon vert vektlagd. Resultata frå årlege medarbeidarundersøkingar vert nytta til å forbetre arbeidsmiljøet. Valle Sparebank har teikna avtale om Inkluderande arbeidsliv.
Det totale sjukefråværet i rekneskapsåret utgjer totalt 1,97 % av total arbeidstid. Det har ikkje vore personskadar blant tilsette, eller materielle skadar i banken.

Likestilling og mangfald er viktig for Valle Sparebank. Bankens tilsette og tillitsvalte skal som hovudregel spegle lokalsamfunnet når det kjem til kjønn og mangfald. Det skal ikkje førekomme nokon form for diskriminering eller trakassering i banken.

Av 16 fast tilsette er 6 menn og 10 kvinner. Styret er for tida sett saman av 40% kvinner og 60% menn.

Banken si forureining av det ytre miljø vil stort sett vere av indirekte karakter, så som kjøp og bruk av reiser, energi, papir og andre forbruksgjenstandar, og avfall og avfallshandtering. Styret ser på dette som minimal forureining av det ytre miljø. Banken fører ikkje eige klimarekneskap, og har heller inga miljøsertifisering.

Banken har ikkje pålegg frå offentlege styresmakter som ikkje er fylgde opp.

Det er teikna forsikring for styrets medlemmer, og bankens leiing for deira ansvar overfor føretaket og tredjepartar.

BEREKRAFT OG SAMFUNNSANSVAR

Verda står i dag overfor store klima-, miljø- og sosiale utfordringar. Sjølv om utfordringane er globale, krev dei også lokale løysingar. Berekraft og samfunnsansvar blir stadig viktigare både i Noreg og i vårt lokalsamfunn.
Som ein lokal sparebank kan Valle Sparebank bidra til berekraftig lokal vekst og verdiskaping for bankens kundar og vårt lokalsamfunn.
Finansnæringa har eit særleg ansvar for å sikre at verdiskapinga og lønnsemda ikkje går på bekostning av menneska rundt oss, klimaet og miljøet eller i strid med grunnleggande etiske prinsipp.

Berekraft er ein naturleg del av lokalbankens identitet og strategiske fundament. Vi ser at framtida vil krevje meir av oss alle.
Ein viktig del av lokalbankens samfunnsoppdrag er å bidra til vekst og utvikling av lokalsamfunnet. Gjennom vår historie, nærvær og verksemd har Valle Sparebank bygd opp erfaring, innsikt og kompetanse. Vi bidreg til lokalt berekraftig næringsliv med trygge arbeidsplassar, nærleik til kundane, og med støtte til allmennyttige føremål.

Bankens samfunnsansvar er blant anna forankra i bankens slagord; Allstøtt med deg.

Valle Sparebank legg til grunn ei sosial ansvarleg forretningsdrift. Omsynet til samfunnsansvaret er innarbeidd i overordna retningslinjer under konkrete emne som etikk, antikvitvasking, helse, miljø og sikkerheit.

Banken har vedtekne retningslinjer for berekraftig verksemd og samfunnsansvar, retningslinjer for vurdering av berekraft- og klimarisiko i kredittsaker, og har grøne produkt i produktspekteret.

Openheitslova trådde i kraft 1. juli 2022. Lova skal fremme verksemdas respekt for grunnleggande menneskerettigheiter og anstendige arbeidsforhold, og sikre ålmenta tilgang til informasjonen. Banken utarbeida ein openheitsrapport som vart tilgjengeleg på bankens heimeside 30. juni 2023. (https://www.valle-sparebank.no/berekraft)

Som ein del av finansnæringens samfunnsoppdrag jobbar Valle Sparebank for å avdekke og kjempe mot økonomisk kriminalitet. Dette arbeidet gjer banken på bakgrunn av risikovurderingar og oppfølging av antikvitvaskområdet, mistenkelege transaksjonar og moglege svindelsaker. Saker som er mistenkelege blir rapportert til Økokrim.

Valle Sparebank skal vere ein positiv aktør i utviklinga av lokalsamfunnet, styret meiner det er viktig å stø små og store tiltak som kan vere med på utvikle lokalsamfunnet.

Gjennom den årlege gåveutdelinga stør banken friviljug arbeid, lag og organisasjonar. I 2023 vart det delt ut i alt 1.140.000 kr mot 1.362.000 kr året før.

Banken har teikna sponsoravtalar med Valle IL, Setesdal vidaregåande skule avd. Valle, Valle Radio, Brokke AS, Hylestad Snøscooterklubb, Bjørnevatn Løypelag, Bykle IL og Hovden Sportsklubb. I tillegg kjem individuelle sponsoravtalar med lokale utøvarar, alle unge og lovande utøvarar frå distriktet.

Valle Sparebank etablerte i si tid saman med Setesdal Spelemannslag og Valle kommune honorarfond til folkemusikk. Føremålet med honorarfondet var å gjere folkemusikken i Setesdal meir kjent og høyrt, og å stimulere til aktivitet blant folkemusikkutøvarane. Frå og med 2010 vart ordninga utvida til også å gjelde Bykle og Bygland, og frå 2022 er ordninga utvida også å gjelde Åseral og Evje og Hornnes.

Valle Sparebank har sekretariatsfunksjonen i Valle Næringslag. Laget har til føremål å fremje nærings-utvikling i kommunen. Alle private næringsdrivande kan vere medlemer, og oppslutninga om laget har vore god. Likeins er banken medlem i sentrumsforeininga i Valle. Dei siste åra har administrerande banksjef også vore deltakar i arbeidsgruppa Brokke 2025 der utbyggings-aktørar, representantar for hytteeigarar og kommune er med. Føremålet er å styrkje utviklinga i Brokke.

FRAMTIDSUTSIKTER

Auka rentenivå, og eit auka kostnadsnivå vil kunne bli krevjande for enkelte hushaldningar også i 2024. Men i usikre tider er bankens kjennskap til kundane, og ei tettare oppfølging ekstra viktig for å kunne hjelpe kundar i ein tidleg fase.

Valle Sparebank har ein sterk posisjon i Valle kommune og øvre Setesdal, og med satsinga i Kristiansand og Vennesla har banken gode moglegheiter for framleis vekst. Banken ynskjer å vere til stades som ein god samarbeidspartnar for eksisterande og nye kundar. Valle Sparebank skal også ivareta sin strategi om å støtte lokalsamfunnet med gåver og sponsorstøtte til allmennyttige føremål.

I oktober 2023 gjennomførte banken konvertering av bankens IT-system frå danske SDC til Tietoevry sin kjernebankløysing. Dette byttet var ei viktig investering for å sikre at banken får auka utviklingskraft, og betre løysningar for kundar og tilsette. Nytt kjernebanksystem forventast også å redusere bankens IT-kostnader.

Styret har tru på at små, lokale sparebankar har gode føresetnader til å kombinere gode, nye digitale løysingar med personleg service og rådgjeving og framleis vil spele ei viktig rolle i bankmarknaden dei neste åra.

TAKK

Styret takkar alle medarbeidarane i banken for eit særs godt samarbeid og stor arbeidsinnsats i året som har gått. Styret takkar også alle tillitsvalde for godt samarbeid, og rettar takk til banken sine kundar og banksamband for tilliten og oppslutninga banken har hatt i 2023.

Valle 7. mars 2024

Anne Gjerden
Styreleiar

Knut Inge Hovel
Nestleiar

Elisabeth B. Spockeli

Kent M. Lund

Tor Arild Ryssiad

Jostein Rysstad
Adm banksjef


Foto: Geir Daassvatn

Rekneskap 2023

158.forretningsår

Resultatrekneskap

Ordinært resultat - Tal i tusen kroner	Noter	2023	2022
Renteinntekter frå eigedelar vurdert til amortisert kost		93.779	55.072
Renteinntekter frå andre eigedelar		9.478	4.121
Rentekostnadar og liknande kostnader		51.194	21.799
Netto renteinntekter	Note 18	**52.063**	**37.393**
Provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester		11.637	11.498
Provisjonskostnadar og kostnadar ved banktenester		1.452	1.650
Utbytte og andre inntekter av eigenkapitalinstrument		2.825	4.220
Netto verdiendring og gevinst/tap på valuta og finansielle instrument		1.045	-318
Andre driftsinntekter		169	225
Netto andre driftsinntekter	Note 20	**14.225**	**13.976**
Løn og andre personalkostnadar	Note 21	16.441	13.673
Andre driftskostnadar	Note 22	18.762	18.476
Avskrivningar og nedskrivingar på varige og immaterielle eigedelar	Note 31	566	993
Sum driftskostnadar før tap		**35.769**	**33.142**
Kredittap på utlån, garantiar mv. og renteberande verdipapir	Note 11	19	1.138
Resultat før skatt		**30.500**	**17.089**
Skattekostnad	Note 23	7.046	3.416
Resultat av ordinær drift etter skatt		**23.454**	**13.673**
Andre inntekter og kostnadar - Tal i tusen kroner			
Verdiendring eigenkapitalinstrument til verkeleg verdi over andre inntekter og kostnadar	Note 25	3.785	12.630
Sum postar som ikkje vil bli klassifisert over resultatet		**3.785**	**12.630**
Sum andre inntekter og kostnadar		**3.785**	**12.630**
Totalresultat		**27.239**	**26.303**

Balanse - Eigedelar

Tal i tusen kroner	Noter	2023	2022
Kontantar og kontantekvivalentar	Note 24-25	23.448	43.988
Utlån og fordringar på kredittinstitusjonar og finansieringsføretak	Note 24-25	88.995	62.034
Utlån til og fordringar på kundar	Note 6-11, 24-25	1.853.150	1.783.336
Renteberande verdipapir	Note 26	197.540	179.156
Aksjar, andelar og andre eigenkapitalinstrument	Note 27-28	128.342	120.385
Varige driftsmidlar	Note 31	13.590	15.438
Andre eigedelar	Note 32	3.679	4.383
Sum eigedelar		**2.308.745**	**2.208.721**

Balanse - Gjeld og eigenkapital

Tal i tusen kroner	Noter	2023	2022
Innlån frå kredittinstitusjonar	Note 33	140.952	106.013
Innskot og andre innlån frå kundar	Note 34	1.797.386	1.756.374
Gjeld stifta ved utferding av verdipapir	Note 35	50.166	50.094
Anna gjeld	Note 36	7.002	10.689
Betalbar skatt	Note 23	6.945	4.711
Andre avsetningar	Note 6, 10-11	1.983	2.660
Sum gjeld		**2.004.434**	**1.930.540**
Fond for urealiserte gevinstar		30.470	26.867
Sparebankens fond		267.966	245.830
Gåvefond		5.874	5.484
Sum opptent eigenkapital		**304.311**	**278.181**
Sum eigenkapital		**304.311**	**278.181**
Sum gjeld og eigenkapital		**2.308.745**	**2.208.721**

Valle 31.12.2023/07.03.2024
I styret for Valle Sparebank

Anne Gjerden
Styreleiar

Knut Inge Håvet
Nestleiar

Elisabeth B. Spockeli

Kent M. Lund

Tor Arild Ryssiad

Jostein Rysstad
Adm banksjef

Endringar i eigenkapitalen

	Opptent eigenkapital							
Tal i tusen kroner	Sparebankens fond	Utjamningsfond	Utbytte	Gåvefond	Fond for urealiserte gevinstar	Fond for urealiserte gevinstar	Anna opptent eigenkapital	Sum eigenkapital
Eigenkapital 31.12.2022	**245.830**	**0**	**0**	**5.484**	**0**	**26.867**	**0**	**278.181**
Resultat av ordinær drift etter skatt	21.954			1.500		0		23.454
Verdiendring eigenkapitalinstrument til verkeleg verdi over andre inntekter og kostnader	182					3.603		3.785
Totalresultat 31.12.2023	**22.136**	**0**	**0**	**1.500**	**0**	**3.603**	**0**	**27.239**
Utbetalt frå gåvefond				-1.109				-1.109
Andre eigenkapitaltransaksjonar								0
Eigenkapital 31.12.2023	**267.966**	**0**	**0**	**5.875**	**0**	**30.470**	**0**	**304.311**
Eigenkapital 31.12.2021	**233.651**			**5.346**		**14.243**		**253.240**
Resultat av ordinær drift etter skatt	12.179			1.500				13.679
Verdiendring eigenkapitalinstrument til verkeleg verdi over andre inntekter og kostnader						12.624		12.624
Totalresultat 31.12.2022	**12.179**	**0**	**0**	**1.500**	**0**	**12.624**	**0**	**26.303**
Utbetalt frå gåvefond				-1.362				-1.362
Andre eigenkapitaltransaksjonar								0
Eigenkapital 31.12.2022	**245.830**	**0**	**0**	**5.484**	**0**	**26.867**	**0**	**278.181**

KONTANTSTRAUMOPPSTILLING - DIREKTE METODE

Tal i tusen kroner	Noter	2023	2022
Kontantstraum frå operasjonelle aktivitetar			
Netto utbetaling av lån til kundar		-69.554	-104.118
Renteinnbetalingar på utlån til kundar		90.821	53.922
Netto inn-/utbetaling av innskot frå kundar		41.012	76.766
Renteutbetalingar på innskot frå kundar		-41.469	-16.061
Renteutbetalingar på gjeld til kredittinstitusjonar/renteinnbetalingar på innskot kredittinstitusjonar		2.158	1.000
Kjøp og sal av sertifikat og obligasjonar		-18.384	22.754
Renteinnbetalingar på sertifikat og obligasjonar		8.944	4.121
Netto provisjonsinnbetalingar		10.186	9.848
Utbetalingar til drift		-39.925	-30.742
Betalt skatt		-4.641	-3.744
Utbetalte gåver		-1.109	-1.362
A Netto kontantstraum frå operasjonelle aktivitetar		**-21.960**	**12.384**
Kontantstraum frå investeringsaktivitetar			
Utbetaling ved investering i varige driftsmidlar		-621	0
Innbetaling frå sal av varige driftsmidlar		1.903	0
Utbetaling ved kjøp av langsiktig investering i verdipapir		-3.431	-10.803
Innbetaling frå sal av langsiktige investeringar i verdipapir		720	492
Utbytte frå langsiktige investeringar i aksjar		2.825	4.220
B Netto kontantstraum frå investeringsaktivitet		**1.396**	**-6.091**
Kontantstraum frå finansieringsaktivitetar			
Renteutbetalingar på gjeld stifta ved utferding av verdipapir		-2.577	-1.351
Innbetaling ved lån frå kredittinstitusjonar		35.000	
Renter på gjeld til kredittinstitusjonar		-5.438	-2.779
C Netto kontantstraum frå finansieringsaktivitet		**26.986**	**-4.130**
A + B + C Netto endring likvidar i perioden		**6.421**	**2.163**
Likviditetsbeholdning 1.1		106.022	103.859
Likviditetsbeholdning 31.12		**112.444**	**106.022**
Likvidetsbeholdning spesifisert:			
Kontantar og kontantekvilvalentar		23.448	43.988
Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar og fordringar på sentralbankar		88.995	62.034
Likviditetsbeholdning		**112.443**	**106.022**

NØKKELTALL

Nøkkeltall er annualisert der ikkje anna er spesifisert	2023	2022
Resultat		
Kostnadar i % av totale inntekter	54,83 %	64,52 %
Kostnadar i % av totale inntekter (ekskl. VP)	57,31 %	69,82 %
Andre inntekter i % av totale inntekter (ekskl. VP)	16,59 %	21,22 %
Innskotsmargin hittil i år	1,26 %	1,12 %
Utlånsmargin hittil i år	0,89 %	1,02 %
Netto rentemargin hittil i år	2,33 %	1,74 %
Eigenkapitalavkastning*	9,35 %	9,90 %
** Basert på totalresultat, eigenkapitalen er justert for hybridkapital*		
Balanse		
Andel av utlån til BM av totale utlån på balansen	8,15 %	8,29 %
Andel lån overført til EBK - kun PM	31,56 %	32,30 %
Innskotsdekning	96,70 %	98,17 %
Innskotsvekst (12mnd)	2,34 %	4,57 %
Utlånsvekst (12 mnd)	3,91 %	6,20 %
Utlånsvekst inkl. EBK (12 mnd)	2,78 %	7,15 %
Gjennomsnittleg forvaltningskapital (GFK)	2.230.463	2.143.616
Gjennomsnittleg forvaltningskapital (GFK) inkl. EBK	3.012.545	2.891.479
Nedskrivingar på utlån og mislighold		
Resultatførte tap i % av gjennomsnittleg brutto utlån	0,001 %	0,07 %
Tapsavsetningar i % av brutto utlån	0,29 %	0,32 %
Soliditet[1]		
Rein kjernekapitaldekning	21,86 %	20,68 %
Kjernekapitaldekning	22,24 %	21,14 %
Kapitaldekning	22,77 %	21,68 %
Uvekta kjernekapitalandel	9,09 %	8,58 %
[1] *Inklusiv konsolidering av samarbeidsgrupper*		
Likviditet		
LCR	283	184
NSFR	143	141

DESSE STYRER BANKEN

Kundevalde medlemmer i generalforsamlinga
Monique V. Jore, Egil Åmlid, Tarald Helle, Torhill Bjørgum Åkre, Ånund Viki, Hilde Marie Straume, Bjarte Løyland, Tor Espen Helle.

Kommunevalde medlemmer til generalforsamlinga
Knut Hagen, Kristin Nomeland, Hildeborg Homme, Frøydis Henriksen Junge, Lill-Grethe Tveiten Homme, Gunvor Edel Åkre, Georg Sørmo, Steinar Nomeland.

Valde av dei tilsette
Tor Arild Rysstad, Erling Sagneskar.

Styret
Anne Gjerden- styreleiar
Knut Inge Hovet- nestleiar
Kent M.Lund, Elisabeth B. Spockeli, Tor Arild Rysstad

Revisjon
RSM v/Stian Skedsmo

Personalet
Anette U. Viki - løn
Anne-Gunn Homme - økonomileiar, risiko/compliance
Bjørg Åkre – depotansvarleg / GDPR
Erling Sagneskar - sal og rådgjeving, Valle
Frode J. Buen - bedriftsrådgjevar, Valle. Kredittansvarleg
Gro Haatveit - sal og rådgjeving, Kristiansand
Ingunn Åkre Uppstad – daglegbank / kundesenter
Jostein Rysstad - administrerande banksjef
Karen Marie Rike Lund – daglegbank / kundesenter
Kari Brottveit Rysstad - sal og rådgjeving, Valle
Kåre Rike - it- og driftsansvarleg
Liv Gunn Viki – reinhald
Margit Homme – daglegbank / kundesenter
Monica Mjåland Thortveit - sal og rådgiving Kristiansand
Renate Aarli Alanen- teamleiar daglegbank
Tor Arild Rysstad - sal og rådgjeving, Kristiansand
Torleiv Hovet - avd. banksjef, Kristiansand

VALLE SPAREBANK I TIDA 1970-2023

(Mill.kr)	1970	1980	1990	2000	2010	2019	2020	2021	2022	2023
Innskot	25	77	249	371	918	1313	1470	1679	1756	1797
Utlån	13	45	196	416	999	1420	1562	1683	1789	1853
Eigne fond	0,9	7	35	87	152	219	240	253	278	304
Forvaltning	26	85	285	471	1222	1727	1942	2103	2208	2308

15

NOTER

Note 1 - Rekneskapsprinsipp

GENERELL INFORMASJON
Valle Sparebank er ein sjølvstendig sparebank i Valle kommune i Agder. Hovudkontoret ligg i Valle og banken har salskontor i Kristiansand og Vennesla.
Valle Sparebank tilbyr banktenester og forsikringsprodukt for person- og bedriftsmarknaden i Noreg.
Styret i banken vedtok årsrekneskapen for 2023 den 7. mars 2024.

GRUNNLAG FOR UTARBEIDING AV REKNESKAPEN
Årsrekneskapen er utarbeidd i samsvar med Forskrift om årsrekneskap for bankar, kredittføretak og finansieringsføretak. Banken har vald å utarbeide rekneskapen etter årsrekneskapsforskriften § 1-4, 2. ledd b) som inneber at rekneskapen utarbeidast i samsvar med IFRS med mindre anna fylgjer av forskrifta.

STANDARDER, ENDRINGAR OG FORTOLKINGAR TIL EKSISTERANDE STANDARDAR SOM IKKJE ER TRÅDT I KRAFT OG DER FØRETAKET IKKJE HAR VALGT TIDLEG ANVENDELSE
Det er ingen nye IFRS-standardar eller IFRIC-fortolkingar som ikkje er trådt i kraft som vert forventa å ha ein vesentleg påverknad på bankens rekneskap.

SAMANDRAG AV VESENTLEGE REKNESKAPSPRINSIPP
Rekneskapen er presentert i norske kroner, og alle tal er vist i heile tusen, med mindre anna er spesifikt angitt.

SEGMENTINFORMASJON
Driftssegment rapporterast slik at dei er i samsvar med rapporterbare segment i samsvar med den interne rapporteringa i Valle Sparebank.

INNTEKTSFØRING
Inntektsføring av renter etter effektiv rentemetode vert nytta for balansepostar som vert vurdert til amortisert kost og for fordringar som vert vurdert til verkeleg verdi i balansen og amortisert kost i resultatet med forskjellen i endring i verkeleg verdi og resultatføring etter amortisert kost presentert i utvida resultat. For renteberande balansepostar som vurderast til verkeleg verdi over resultatet inntektsførast den nominelle renta løpande, medan verdiendringar vert rekneskapsført ved periodeslutt. Renteinntekter på engasjement som er kredittforringa vert utrekna ved bruk av effektiv rente på nedskriven verdi. Renteinntekter på engasjement som ikkje er kredittforringa vert utrekna ved bruk av effektiv rente på brutto amortisert kost (amortisert kost før avsetning for forventa tap).
Den effektive renta er den renta som får noverdien av framtidige kontantstraumar innanfor lånets forventa løpetid til å bli lik bokført verdi av lånet ved første gangs balanseføring. Kontantstraumane inkluderer etableringsgebyr, samt eventuell restverdi ved utløpet av forventa løpetid.
Renteinntekter på finansielle instrument klassifisert som utlån vert inkludert på linja for netto renteinntekter.
Gebyr og provisjonar vert resultatført etter kvart som tenesta vert ytt. Gebyr for etablering av låneavtalar inngår i kontantstraumane ved utrekning av amortisert kost og vert inntektsført under netto rente inntekter etter effektiv rentemetode. I andre driftsinntekter inngår blant anna gebyr og provisjonar knytt til betalingsformidling, kreditt-formidling, forsikringsformidling og verdipapirtenester.
Resultatføring skjer når tenestene er levert.
Utbytte frå investeringar vert resultatført på tidspunkt utbyttet er vedtatt av generalforsamlinga.
Leigeinntekter frå operasjonelle leigeavtalar vert inntektsført med like beløp løpande, etter kvart som dei vert opptent.

FINANSIELLE INSTRUMENT – INNREKNING OG FRÅREKNING
Finansielle eigedelar og skyldnadar vert innrekna når banken blir part i instrumentets kontraktsmessige vilkår. Finansielle eigedelar vert frårekna når dei kontraktsmessige rettane til kontantstraumar frå dei finansielle eigedelane utløper, eller når føretaket overfører den finansielle eigedelen i ein transaksjon der all eller tilnærma all risiko og fortenestemoglegheiter knytt til eigarskap av eigedelen vert overført. Finansielle skyldnadar vert frårekna på det tidspunkt rettane til dei kontraktsmessige vilkåra er innfridd, kansellert eller utløpt.

FINANSIELLE INSTRUMENT -KLASSIFISERING

Ved første gongs rekneskapsføring blir finansielle instrument klassifisert i ein av dei fylgjande kategoriar, avhengig av type instrument og formålet med investeringa:
Finansielle eigedelar vert klassifisert i gruppene:
- Amortisert kost
- Verkeleg verdi med verdiendring over utvida resultat
- Verkeleg verdi med verdiendring over resultat

Finansielle skyldnader vert klassifisert som:
- Finansielle skyldnader til verkeleg verdi med verdiendringar over resultat
- Andre finansielle skyldnader målt til amortisert kost.

Med tanke på klassifisering og måling krev IFRS 9 at alle finansielle eigedelar vert klassifisert basert på ei vurdering av bankens forretningsmodell og kontantstraumane knytt til dei ulike instrument.
Utlån med flytande rente er klassifisert til amortisert kost. Utlån med fast rente vert tilbode gjennom Eika Boligkreditt.
Banken har anledning til å overføre utlån med pant i bustadeigedom til Eika Boligkreditt som har belåningsgrad inntil 75 %. Banken overfører utlån frå eigen balanse bare unntaksvis og bare med uvesentleg volum. Banken har difor klassifisert utlån som kan vert overført til Eika Boligkreditt til amortisert kost.
Bankens likviditetsportefølje er klassifisert til verkeleg verdi over resultatet i samsvar med den forretningsmodellen som styrer forvaltninga av likviditetsporteføljen.
Eigenkapitalinstrument som er strategiske investeringar, er klassifisert til verkeleg verdi over utvida resultat utan resirkulering. Desse eigenkapitalinstrument er ikkje derivat eller halde for handelsformål.
Finansielle skyldnader vert målt til amortisert kost ved bruk av effektiv rentemetode. I kategorien finansielle skyldnader til amortisert kost inngår klassane innskot frå og skyldnader overfor kundar og rente-berande skyldnader som sertifikat- og obligasjonsgjeld.

MÅLING

MÅLING TIL VERKELEG VERDI
Verkeleg verdi av finansielle instrument som vert omsett i aktive marknadar vert fastsett med å vise til noterte marknadsprisar eller kursar frå forhandlarar av finansielle instrument. Marknaden er aktiv dersom det er mogleg å skaffe eksterne observerbare prisar, kursar eller renter og desse prisane representerer faktiske og hyppige marknadstransaksjonar.
For finansielle instrument som ikkje vert omsett i ein aktiv marknad, vert den verkelege verdien fastsett ved hjelp av ein eigna verdsettingsmetode. Slike verdsettingsmetoder omfattar bruk av nyleg føretekne marknadstransaksjonar på armlengdes avstand mellom velinformerte og frivillige partar, dersom slike er tilgjengelege, vise til verkeleg verdi av eit anna instrument som praktisk talt er det same, diskontert kontantstraumsberekning eller andre verdsettingsmodellar. I den grad observerbare marknadsprisar er tilgjengeleg for variablar som inngår i vertsettingsmodellar, så vert desse nytta.
Det vert ikkje gjort frådrag for transaksjonskostnader ved fastsettinga av verkeleg verdi.

MÅLING TIL AMORTISERT KOST
Finansielle instrument som ikkje vert målt til verkeleg verdi, vert målt til amortisert kost, og inntektene/ kostnadene vert rekna med bruk av instrumentets effektive rente. Amortisert kost vert fastsett med diskontering av kontraktsfesta kontantstraumar innanfor forventa løpetid. Kontantstraumane inkluderer etableringsgebyr og direkte, marginale transaksjonskostnader som ikkje direkte vert betalt av kunden, samt eventuell restverdi ved utløpet av forventa løpetid. Dersom forventa tap er inkludert ved utrekninga av effektiv rente så vert forventa tap inkludert i kontantstraumane ved utrekning av amortisert kost. Amortisert kost er noverdien av slike kontantstraumar neddiskontert med den effektive rente med frådrag for avsetning for

forventa tap.

MÅLING AV FINANSIELLE GARANTIAR
Utferda finansielle garantiar vert vurdert til verkeleg verdi, som ved første gongs rekneskapsføring vert sett å vere mottatt vederlag for garantien. Ved etterfølgande måling vert utferda finansielle garantiar vurdert til det høgaste beløp av mottatt vederlag for garantien med frådrag for eventuelle resultatførte amortiseringar og forventa tap rekna etter reglane for nedskriving av finansielle eigedelar.

NEDSKRIVING AV FINANSIELLE EIGEDELAR
Under IFRS 9 skal tapsavsetningane innreknast basert på forventa kredittap. Den generelle modellen for nedskrivingar av finansielle eigedelar omfattar finansielle eigedelar som vert målt til amortisert kost eller til verkeleg verdi med verdiendringar over utvida resultat.
I tillegg er også lånetilsagn som ikkje vert målt til verkeleg verdi over resultatet, finansielle garantikontraktar, kontraktseigedelar og fordringar på leigeavtalar omfatta.
Eit finansielt instrument som ikkje er kredittforringa vil ved førstegongs balanseføring få ei avsetning for tap tilsvarande 12-månadars forventa tap, og vert klassifisert i steg 1.
12-månadars forventa tap er noverdien, bestemt ved bruk av den effektive renta, av det tapet som er forventa å inntreffe over levetida til instrumentet, men som kan knytast til misleghald som inntreffer dei første 12 månadane.
Dersom kredittrisikoen, vurdert som sannsynet for misleghald over attverande levetid for ein eigedel eller gruppe av eigedelar, er vurdert å ha auka vesentleg sidan første gongs innrekning, skal det gjerast ei tapsavsetning tilsvarande noverdien, bestemt ved bruk av den effektive renta, av det tapet som er forventa å inntreffe over heile den forventa levetida til instrumentet og heile den forventa levetida til eigedelen, og eigedelen skal reklassifisert til steg 2.
For utlån klassifisert i henholdsvis steg 1 og 2 reknast renta basert på brutto balanseført verdi og avsetninga for tap er normalt modellbasert. Dersom det oppstår ein kredittforringelse skal instrumentet flyttast til steg 3. Renteinntekter innreknast då basert på netto balanseført verdi og tapsavsetninga vert normalt sett på individuell basis.
For ytterlegare detaljer visast til IFRS 9 og note 3.

NEDSKRIVINGSMODELL I BANKEN
Forventa kredittap (ECL) i steg 1 og 2 vert berekna som EAD x PD x LGD, neddiskontert med effektiv rente. Eika har utvikla eigne modellar for utrekning av sannsyn for misleghald (PD) og tap gitt misleghald (LGD). Banken nyttar seg av Eika si løysing for å berekne eksponering ved misleghald (EAD), vurdering om eit engasjement har hatt vesentleg auke i kredittrisiko siden første gongs innrekning og sjølve utrekninga av forventa kredittap (ECL). Nedskrivningsmodellen er meir omtala i note 2

OVERTAKING AV EIGEDELAR
Eigedelar som vert overtekne i forbindelse med oppfølging av misleghaldne og nedskrivne engasjement, vert verdsett ved overtaking til verkeleg verdi. Slike eigedelar vert klassifisert i balansen etter sin art. Etterfølgande verdivurdering og klassifisering av resultateffektar følger prinsippa for den aktuelle eigedelen.

PRESENTASJON AV RESULTATPOSTAR KNYTT TIL FINANSIELLE EIGEDELAR OG SKYLDNADER TIL VERKELEG VERDI
Realiserte gevinstar/(tap) samt endringar i estimerte verdiar på finansielle instrument til verkeleg verdi over resultatet, inkludert utbytte, vert teke med i rekneskapen under "Netto gevinst/(tap) på finansielle instrument" i den perioden dei oppstår.

SIKRINGSBOKFØRING
Valle Sparebank nyttar ikkje sikringsbokføring.

MOTREKNING
Finansielle eigedelar og finansielle skyldnader motreknast og presenterast bare når banken har ein juridisk handhevbar rett til å motrekne og når banken har til hensikt å gjere opp på nettogrunnlag. Inntekter og kostnader vert ikkje motrekna med mindre det vert kravd eller tillatt i samsvar med IFRS.

VALUTA
Transaksjonar i utanlandsk valuta vert omrekna til kursen på transaksjonstidspunktet. Pengepostar i utanlandsk valuta vert omrekna til norske kroner ved å nytte balansedagens kurs. Ikkje-pengepostar som vert målt til historisk kurs uttrykt i utanlandsk valuta, vert omrekna til norske kroner med å nytte valutakursen på transaksjonstidspunktet. Ikkje-pengepostar som vert målt til verkeleg verdi uttrykt i utanlandsk valuta, vert rekna om til valutakursen fastsett på balansetidspunktet. Valutakursendringar vert løpande resultatført i rekneskapsperioden.
Rekneskapen vert presentert i norske kroner, som er bankens funksjonelle valuta.

VARIGE DRIFTSMIDLAR
Varige driftsmidlar omfattar bygningar, tomter og driftslausøyre, og er vurdert til anskaffingskost fråtrekt akkumulerte avskrivingar og nedskrivingar. Anskaffingskost for varige driftsmidlar er kjøpspris, inkludert avgifter /skattar og kostnader direkte knytt til å sette anleggsmiddelet i stand for bruk. Utgifter påkomne etter at driftsmiddelet er tatt i bruk, slik som løpande vedlikehald, vert resultatført, medan andre utgifter som vert forventa å gi framtidige økonomiske fordelar, blir balanseført. Det er nytta lineære avskrivingar for å allokere kostpris over driftsmidlas brukstid.

INVESTERINGSEIGEDOM
Investeringseigedomar er eigedomar i bankens eige som ikkje er skaffa for eige bruk, men for å oppnå avkastning gjennom leigeinntekter og å oppnå verdistigning. Banken investerer ikkje i slike eigedomar.

LEIGEAVTALAR
Innføring av ny IFRS 16 standard medfører at det ikkje lenger skal skiljast mellom operasjonell og finansiell leasing der inngåtte avtalar overfører bruksretten til ein spesifikk eigedel frå utleigar til leigetakar for ein spesifikk periode. For utleigar vidareførast i all hovudsak regelverket frå IAS 17.

For å fastsette om ein kontrakt inneheld ein leigeavtale er det vurdert om kontrakten overfører retten til å kontrollere bruken av ein identifisert eigedel. Standarden har hovudsakeleg fått betydning for leigeavtalar knytt til kontorlokale, som medfører at husleigekostnader ikkje lenger rekneskapsførast som driftskostnad, men som avskriving av bruksrett eigedel og rentekostnad på tilhøyrande leigeskyldnad i resultatrekneskapen. Leigeavtala med låg verdi (mindre enn 5 000 USD) og leigeavtalar med ein leigeperiode på 12 månadar eller mindre vil ikkje bli balanseført. Leigeavtalane som fell inn under desse unntaka innreknast løpande som andre driftskostnader.

Banken har innrekna leigeskyldnadene sine til noverdien av dei attverande leigebetalingane diskontert med marginal lånerente på tidspunktet for førstegongs bruk. Leigeperioden er utrekna basert på avtalens varigheit tillagt eventuelle opsjonsperiodar dersom desse med rimeleg sikkerheit vil bli utøvd. Eventuelle opsjonar i leigeavtalen og/eller utgifter forbunde med utkjøpsklausular før endeleg kontraktsutløp er medrekna i leigeskyldnaden dersom det er sannsynleg at opsjon eller klausul vil bli nytta. Felleskostnader og andre variable leigebetalingar etc. vil ikkje bli innrekna i leigeskyldnaden for husleigekontraktane og førast som driftskostnad. Diskonteringsrente for leigeavtaler er fastsett ved å bruke leigetakars marginale lånerente, det vil seie den rentesats ein leigetakar i eit liknande økonomisk miljø måtte betale for å lånefinansiere, i ein tilsvarande periode og med tilsvarande sikkerheit, dei midlar som er nødvendige for ein eigedel av liknande verdi som bruksrettseigedelen. Renta tek omsyn til både risikofri rente, kredittrisiko og leigespesifikt påslag, under dette sikkerheit/pant i leigeavtalen. Renta vil tilpassast den faktiske leigekontraktens varigheit, type eigedel, etc.

Ved etterfølgande målingar målast leigeskyldnaden til amortisert kost

ved bruk av effektiv rentemetoden. Leigeskyldnaden målast på nytt når det skjer ei endring i framtidige leigebetalingar som oppstår som følge av endring i ein indeks eller viss banken endrar vurdering om den vil utøve forlengings- eller termineringsopsjonar. Når leigeskyldnaden målast på nytt på denne måten, vert ein tilsvarande justering av balanseført verdi av bruksretten føreteke, eller blir ført i resultatet dersom den balanseførte verdien av bruksretten er redusert til null.

Ved første gongs innrekning i balansen målast bruksretten til anskaffingskost dvs. leigeskyldnaden (noverdi av leigebetalingane) pluss forskotsleige og eventuelle direkte anskaffingskostnader.
I etterfølgande periodar målast bruksretten ved bruk av en anskaffingsmodell.
Bruksrettane er i balansen presentert som ein del av «Varige driftsmidlar», medan leigeskyldnadene presenterast som «Andre avsetningar» i balansen. Bruksrettar som vert avskrive, er gjenstand for ein nedskrivingstest i samsvar med IAS 36 når tilhøva indikerer det.

INVESTERINGAR I TILKNYTT SELSKAP
Tilknytt selskap er einingar der banken har betydeleg innflytelse, men ikkje kontroll, over den finansielle og operasjonelle styringa (normalt ved eigardel på mellom 20 % og 50 %). Rekneskapen inkluderer bankens del av resultat frå tilknytt selskap rekneskapsført etter eigenkapitalmetoden frå det tidspunktet betydeleg innflytelse vert oppnådd og inntil slik innflytelse opphøyrer. Banken har per 31.12.2023 ikkje slike investeringar.

SKATT
Skattekostnad består av betalbar skatt og endring i utsett skatt. Utsett skatt/skattefordel er rekna på alle skilnadar mellom rekneskapsmessig og skattemessig verdi på eigedelar og gjeld, samt underskot til framføring. Utsett skattefordel er rekneskapsført når det er sannsynleg at banken vil ha tilstrekkelege skattemessige overskot i seinare periodar til å nyttiggjere skattefordelen. Banken rekneskapsfører tidlegare ikkje rekneskapsført utsett skattefordel i den grad det har blitt sannsynleg at banken kan nytte seg av den utsette skattefordelen. Likeins vil selskapet redusere utsett skattefordel i den grad banken ikkje lenger ser det som sannsynleg at det kan nyttiggjere seg av den utsette skattefordelen. Utsett skatt og utsett skattefordel er målt basert på forventa framtidige skattesatsar og skattereglar som gjeld på balansedagen, eller som med mest mogleg sannsyn forventast å bli vedtatt, og som vert tenkt å skulle nyttast når den utsette skattefordelen realiserast eller når den utsette skatten skal gjerast opp.

Betalbar skatt og utsett skatt er rekneskapsført direkte mot eigenkapitalen i den grad skattepostane relaterer seg til eigenkapitaltransaksjonar, med unntak av fondsobligasjonar der skatteeffekten av rentekostnaden førast i ordinært resultat og konsernbidrag frå mor- eller søsterselskap som blir resultatført.

PENSJONSSKYLDNADER
Pensjonskostnader og – skyldnader følger IAS 19. Frå 2019 gjekk alle tilsette over til innskotsbasert pensjonsordning. I tillegg har banken AFP ordning. For innskotsordninga betaler banken innskot til privat administrerte livs- og pensjonsforsikringsselskap. Banken har ingen ytterlegare betalingsskyldnader etter at innskota er betalt. Innskota kostnadsførast fortløpande og rekneskapsførast som lønskostnad. AFP ordninga vert behandla rekneskapsmessig som innskotsordninga.

FONDSOBLIGASJONSLÅN
Banken har ikkje utferda fondsobligasjonslån.

HENDINGAR ETTER BALANSEDAGEN
Ny informasjon etter balansedagen om selskapets finansielle stilling på balansedagen er tatt omsyn til i årsrekneskapen. Hendingar etter balansedagen som ikkje påverkar selskapets finansielle stilling på balansedagen, men som vil påverke selskapets finansielle stilling i framtida er opplyst om dersom dette er vesentleg.

KONTANTSTRAUMOPPSTILLING
Kontantstraumoppstillinga er utarbeidd med utgangspunkt i kontantstraumar frå operasjonelle -, investerings-, og finansieringsaktivitetar etter direkte metode. Kontantstraumar frå operasjonelle aktivitetar er definert som alle inn- og utbetalingar knytt til utlåns- og innskotsverksemda mot kundar og kredittinstitusjonar, inn- og utbetalingar frå kortsiktige verdipapir, samt utbetalingar generert frå omkostningar knytt til den ordinære operasjonelle verksemda. Investeringsaktiviteter er definert som kontantstraumar frå langsiktige verdipapirtransaksjonar, samt investeringar i driftsmidlar og eigedomar. Kontantstraumar frå opptak og nedbetaling av ansvarlege lån og obligasjonsgjeld og eigenkapital er definert som finansieringsaktivitetar. Likvidar omfattar kontantar og fordringar på Noregs Bank.

Note 2 – Kredittrisiko

DEFINISJON AV MISLEGHALD
Banken har frå og med 1.1.2021 implementert ny definisjon av misleghald. Denne er utforma i samsvar med European Banking Authority sine retningslinjer for korleis bankar skal bruke misleghaldsdefinisjonen i kapitalkravsforordninga (CRR), samt presiseringar i CRR/CRD IV forskrifta. Det følger av desse reglane at ein kunde vil bli klassifisert som misleghalde dersom minst eitt av følgande kriterium er oppfylt:

- Kunden har eit overtrekk som både overstig ein relativ- og absolutt grense i meir enn 90 samanhangande dagar. For både PM- og BM-kundar er den relative grensa lik 1% av kundens samla eksponeringar.
  - For PM-kundar er den absolutte grensa lik 1.000 kroner
  - For BM-kundar er den absolutte grensa lik 2.000 kroner

- Det er vurdert som sannsynleg at kunden ikkje vil kunne innfri sine kredittskyldnader overfor banken (unlikely to pay – UTP).

- Kunden er smitta av ein annan kunde som er i misleghald etter dei to første kriteria nemnt ovanfor.

Ny definisjon av misleghald inneber innføring av karensperiode som tilseier at kundane blir kategorisert som misleghaldt en periode etter at misleghaldet er bringa i orden. Karensperioden er tre månadar etter friskmelding med unntak av engasjement med forbearance-markering der tilhøyrande karensperioden er tolv månadar.

EKSPONERING VED MISLEGHALD (EAD)
EAD for avtalar i steg 1 består av utestående fordring eller skyldnad justert for kontantstraumar dei neste 12 månadane og for avtalar i steg 2 dei neddiskonterte kontantstraumane for den forventa levetida til avtalen. For garantiar er EAD lik den utestående skyldnaden på rapporteringsdatoen multiplisert med ein konverteringsfaktor på 1 eller 0,5 avhengig av type garanti. Unytta kredittar har EAD lik utestående unytta kreditt på rapporteringstidspunktet.
Forventa levetid på ein avtale vert rekna ut frå liknande avtalars historiske gjennomsnittlege levetid.
Avtalar som modifiserast målast frå opprinneleg innvilgelsestidspunkt sjølv om avtalen får nye vilkår.

TAP VED MISLEGHALD (LGD)
Estimat for LGD er basert på historiske tap i alle Eika-bankar basert på ulike intervall av sikkerheitsdekning. Datagrunnlaget oppdaterast med tapshistorikk for nye periodar. Modellane skil mellom person- og bedriftskundar.

Personkundar
- Kundar med sikkerheit i fast eigedom
- Kundar med annan sikkerheit enn fast eigedom
- Kundar utan registrert sikkerheit

Bedriftskundar
- Kundar med sikkerheit
- Kundar utan sikkerheit

Verdien av sikkerheiter er tatt omsyn til og baserer seg på estimerte realisasjonsverdiar.

SANNSYN FOR MISLEGHALD (PD)
Bankens PD-modell er utvikla av Eika Gruppen. PD-modellen estimerer sannsyn for misleghald ved å estimere statistiske samanhengar mellom misleghald og kundens finansielle stilling, demografiske data og betalingsåtferd. For delar av porteføljen nyttast policykoder når kundens risiko ikkje kan reknast ut på ordinær måte, dette kan skuldast kundetype eller hending. Kundar med policykode overstyrast til ein risikoklasse med tilhøyrande førehandsdefinert PD.

Modellen skil mellom personkundar og bedriftskundar, og måler sannsyn for misleghald dei neste 12 månadar (PD 12 mnd.). Totalmodellen består vidare av to undermodellar, herunder ein åtferdsmodell og ein generisk modell, som vert vekta ulikt basert på tid som kunde og tid sidan siste kredittsøk. Totalmodellen består utelukkande av den generiske modellen i dei tilfelle der kundeforholdet og tid sidan siste kredittsøk har vore kortare enn 6 månadar. Bare åtferdsmodell nyttast dersom kundeforholdet og tid sidan siste kredittsøk har vore lenger enn ein gitt tidshorisont. I alle andre tidshorisontar vil ein kombinasjon av modellane nyttast. Dette gjeld også for BM-kundar som ikkje er gjenpartspliktige.

Åtferdsmodellen angir PD 12 mnd. basert på observert åtferd frå kundanes konto, transaksjonar og produktfordeling. Generisk modell angir PD 12 mnd. basert på offentleg informasjon. Generisk modell er utvikla av Bisnode på alle norske føretak/hushald med konkurs/alvorleg betalingsmerknad som utfallsvariabel.

For bedriftskundar består den generiske modellen av fire undermodellar, herunder enkeltmannsføretak (ENK), føretak der eigar direkte hefter for gjeld (ANS/DA), andre føretak med innlevert rekneskap og andre føretak utan rekneskap.

For personkundar består den generiske modellen av fem undermodellar, der fire er delt opp etter kundens alder (18-26 år, 27-42 år, 43-65 år og 66+ år) og den siste består av personar, uansett alder, med minst ein aktiv betalingsmerknad.

Med utgangspunkt i PD 12 mnd, vert sannsynet for misleghald rekna over engasjementets forventa levetid (PD liv) med ei migrasjonsbasert framskriving, samt justeringar for forventningar til framtida (omtalt nedanfor). Modellane blir årleg validert og rekalibrerast ved behov. Ved svekking av modellane sin kvalitet blir det utvikla nye modellar.

VESENTLEG AUKE I KREDITTRISIKO (MIGRERING)
Vesentleg auke i kredittrisiko målast basert på utvikling i PD. PD slik den vart estimert å vere på rapporteringstidspunktet den gongen eigedelen for første gong vart innrekna (PD ini), samanliknast med det PD faktisk er på rapporteringstidspunktet. Dersom PD er høgare enn forventa på rapporteringstidspunktet må det vurderast om det har førekome ein vesentleg auke i kredittrisiko.

For å fange opp den ulike sensitiviteten for kredittrisiko i dei ulike endane av risikoskalaen er det sett minimumsgrenser som må overskridast for at auken skal vere definert som vesentleg. Dersom eigedelen hadde ein opprinneleg PD på mindre enn 1 % er ein vesentleg auke definert som PD 12 mnd. > PD 12 mnd. ini + 0,5 % kombinert med ei endring i PD liv med ein faktor på 2 eller høgare. For engasjement med opprinneleg PD over 1% er ein vesentleg auke definert som PD 12 mnd. > PD 12 mnd. ini + 2 % eller dersom endring i PD liv har overskride ein faktor på 2.

Av migreringsreglane følger det at banken nyttar eit lågrisikounntak på 0,5 %.

Det gjeld ingen spesifikke karenskriterier med tanke på migrering, følgeleg vil engasjementet bli tilbakeført til steg 1 dersom tilhøyrande PD endringar ikkje lenger oppfyller krava til vesentleg auke i kredittrisiko.

Det er i tillegg to absolutte kriterium som alltid definerer ein vesentleg auke i kredittrisiko:

- Eigedelen er ikkje kredittforringa, men det er gitt betalingslette i forbindelse med at kunden er i finansielle vanskar
- Eigedelen har eit overtrekk på minimum 1.000 kroner i meir enn 30 samanhengande dagar.

Foto: Brokke.com

FORVENTA KREDITTAP BASERT PÅ FORVENTNINGAR TIL FRAMTIDA

IFRS 9 krev at framtidig informasjon inkluderast i vurdering av forventa kredittap. Forventningar til framtida er teke omsyn til gjennom ein makroøkonomisk regresjonsmodell for hhv, PM og BM som vurderer endring i sannsyn for misleghald (PD) i tre scenario – basis (normal makroøkonomisk situasjon), nedside (vesentleg økonomisk nedgangskonjunktur) og oppside (eit scenario i høgkonjunktur). I basis-scenariet er det nytta makroprognosar frå SSBs rapport «Konjunkturtendensene», og meir langsiktige prognoser frå IMF for å få ein lengre prognoseperiode enn det som går fram av SSB-rapporten.

Tabellen viser makromodellens forventa misleghaldsnivå samanlikna med dagens misleghaldsnivå på BM.

Makroprognoser	2023	2024	2025	2026	2027	2028	2029-
BNP Fastlands-Norge	0,7	0,9	1,7	2,4	2,2	2,0	1,8
Pengemarkeds-rente (nivå)	4,2	4,7	3,9	3,3	3,3	3,1	2,9
Arbeidsledighets-rate (nivå)	3,6	3,9	4,1	4,2	4,0	4,0	4,0

Opp- og nedsidescenariet er utleia gjennom eit gitt antall standardavvik positivt eller negativt utslag i makrovariablene samanlikna med basis-prognosen fra SSB. Ved vurdering av antall standardavvik utslag er det sett mot Noregs Bank og Finanstilsynets stresstestar, sett i samanheng med vektinga av scenarioa. Scenarioa er gitt fylgjande sannsynsvekting; basis 70 %, nedside 20 % og oppside 10 %. I alle tre scenarioa antas økonomien å vende tilbake til et felles snitt mot slutten av ein femårs prognoseperiode.
Tabellen viser makromodellens forventa misleghaldsnivå i forhold til dagens misleghaldsnivå for personmarknaden. Ein faktor på 1,6 betyr at kundane sin PD vert venta å vere 60 % høgare enn dagens PD. Tilsvarande betyr ein faktor på 0,3 at PD vert venta å vere 30 % av dagens PD.

År	2024	2025	2026	2027	2028	2029-
Basis	1,2	1,2	1,1	1,0	1,0	0,9
Nedside	2,1	2,0	1,8	1,3	1,1	0,9
Oppside	0,7	0,7	0,6	0,8	0,8	0,9
Vektet	1,3	1,3	1,2	1,0	1,0	0,9

Tabellen visar makromodellens forventa misleghaldsnivå i forhold til dagens misleghaldsnivå for bedriftsmarknaden.

År	2024	2025	2026	2027	2028	2029-
Basis	1,1	1,0	0,8	0,8	0,8	0,9
Nedside	2,3	2,0	1,7	1,1	1,0	0,9
Oppside	0,6	0,5	0,4	0,5	0,7	0,9
Vektet	1,3	1,2	0,9	0,8	0,8	0,9

I note 13 kjem resultata av utvalde scenarioutrekningar, blant anna forventa kredittap dersom hhv mak-rofaktorane i nedside- og oppsidescenarioet var nytta i utrekningane.

NEDSKRIVINGAR I STEG 3

Banken gjennomgår store delar av bedriftsporteføljen årleg, og store og spesielt risikable engasjement gjennomgåast løpande. Lån til privat-personar gjennomgåast når dei er misleghalde eller dersom dei har dårleg betalingshistorikk. Ved estimering av nedskriving på enkeltkundar vurderast både aktuell og forventa framtidig finansiell stilling, og for engasjement i bedriftsmarknaden også marknadssituasjonen for kunden, aktuell sektor og marknadsforhold generelt. Moglegheiten for rekapitalisering, restrukturering og refinansiering vurderast også.
Samla vurdering av desse forholda leggast til grunn for estimering av framtidig kontantstraum. Kontantstraumane estimerast som hovudregel over ein periode tilsvarande forventa løpetid for den aktuelle kunden, eller gruppe av kundar dersom det er likskapstrekk knytt til kundane.
Nedskrivinga vert berekna i tre scenario; basis, oppside og nedside, som vert vekta hhv. 80, 10 og 10 prosent. Banken set av for tap i steg 3 dersom kunden er kredittforringa. Ved vurdering av tapsavsetninga heftar det usikkerheit ved estimering av tidspunkt og beløp for framtidige kontant-straumar inkludert verdsetting av sikkerheit. Det visast til note 11 for oversikt over nedskriving på utlån og garantiar.

KREDITTRISIKO
Banken tek kredittrisiko, som er risikoen for at motparten vil påføre banken tap ved ikkje å gjere opp bankens tilgodehavande. Kreditteksponering er primært knytt til utestående lån og gjeldspapir. Det er også kredittrisiko knytt til "off-balance" finansielle instrument som lånetilsagn, unytta kredittar og garantiar.
Sjå note 6-13 for vurdering av kredittrisiko.

KLASSIFISERING
Sannsyn for misleghald brukast som mål på kredittkvalitet. Banken deler porteføljen inn i ti risikoklassar, basert på PD for kvart kreditt-

engasjement, sjå den underliggande tabellen. Kredittforringa engasjement (steg 3) er gitt ein PD på 100 prosent. Bankens portefølje inndelt etter risikoklassar og steg er presentert i note 6.

Risikoklasse	Sansynlighet for misslighold fra	Sansynlighet for misslighold til
1	0,00 %	0,10 %
2	0,10 %	0,25 %
3	0,25 %	0,50 %
4	0,50 %	0,75 %
5	0,75 %	1,25 %
6	1,25 %	2,00 %
7	2,00 %	3,00 %
8	3,00 %	5,00 %
9	5,00 %	8,00 %
10	8,00 %	100,00 %

Note 3 - Bruk av estimat og skjønsmessige vurderingar

Estimat og skjønsmessige vurderingar vurderast løpande og er basert på historikk og andre faktorar. For rekneskapsformål nyttar banken estimat og tru om framtida.

Rekneskapsestimata kan avvike frå dei oppnådde resultat, men dei er basert på beste estimat på tidspunktet for rekneskapsavleggingа. Estimata som har betydeleg risiko for vesentleg å påverke balanse-ført verdi av eigedelar eller skyldnadar, er behandla nedanfor. Nedanfor vert dei mest vesentlege skjønsmessige vurderingane gjennomgått, som bankens leiing legg til grunn ved avleggelse av rekneskapen.

NEDSKRIVING PÅ UTLÅN OG GARANTIAR

Banken gjennomgår utvalde terskelverdiar av bedriftsmarknadsporteføljen årleg. Store og spesielt risikable, samt misleghaldne og tapsutsette engasjement vert gjennomgått kvartalsvis. Lån til privatpersonar vert gjennomgått når dei er misleghalde og seinast etter 90 dagar, eller dersom dei har ein særleg dårleg betalingshistorikk.

Bankens system for risikoklassifisering er omtalt under risikostyring. Banken gjer individuell vurdering av nedskrivingsbehovet dersom det ligg føre kredittforringelse som kan identifiserast på enkeltengasjement, og kredittforringelsen medfører redusert framtidig kontantstraum til betjening av engasjementet. Eksempel på kredittforringelse vil vere misleghald, konkurs, likviditet eller andre vesentlege finansielle problem.

Nedskrivingar i steg 3 vert rekna som skilnaden mellom lånets bokførte verdi og noverdien av diskontert forventa kontantstraum basert på effektiv rente.

Andre nedskrivingar i steg 1 og 2 baserer seg på tapsestimat berekna med grunnlag på 12 månadars og livslang sannsyn for misleghald (probability of default – PD), tap ved misleghald (loss given default – LGD) og eksponering ved misleghald (exposure at default – EAD).

Sjå note 13 for sensitivitetsberekningar.

VERKELEG VERDI I IKKJE AKTIVE MARKNADAR

Verkeleg verdi på finansielle instrument som ikkje er notert i eit aktivt marknad (nivå 2 og 3) er verdsett ved bruk av verdsettingsteknikkar, slike verdsettingar vil vere hefta med usikkerheit. Verdsettingsteknikkar (for eksempel modellar) som er nytta for å bestemme verkeleg verdi er vurdert periodisk opp mot utvikling i verdi av liknande instrument, og gjennomførte transaksjonar i same papir. I den grad det er praktisk mogleg nyttast observerbare data, men på område som kredittrisiko volatilitet og korrelasjonar må det nyttast estimat. Endring i forutsetningane om desse faktorane kan påverke verkeleg verdi på finansielle instrument.

Sjå note 26 for sensitivitetsberekningar.

Note 4 – Kapitaldekning

	Morbank		Konsolidert kapitaldekning inkl. andel samarb.gruppe	
Tal i tusen kroner	2023	2022	2023	2022
Opptent eigenkapital	298.437	272.697	305.686	273.882
Overkursfond				
Utjamningsfond				
Anna eigenkapital				
Eigenkapitalbevis				
Gåvefond	5.874	5.484		
Sum eigenkapital	**304.311**	**278.181**	**305.686**	**273.882**
Immaterielle eigedelar			-145	-122
Frådrag for forsvarlig verdsetting	-326	-300	-477	-489
Frådrag i rein kjernekapital	-71.696	-66.600	-13.829	-6.039
Rein kjernekapital	**232.288**	**211.281**	**291.234**	**267.232**
Fondsobligasjoner			5.168	5.918
Frådrag i kjernekapital				
Sum kjernekapital	**232.288**	**211.281**	**296.402**	**273.150**
Tilleggskapital - ansvarleg lån			6.960	6.959
Frådrag i tilleggskapitalkapital				
Netto ansvarleg kapital	**232.288**	**211.281**	**303.362**	**280.109**
Eksponeringskategori (vekta verdi)				
Statar				
Lokale og regionale myndigheiter (herunder kommuner)	14.395	14.314	23.693	27.290
Institusjonar	1.587	1.180	9.565	12.701
Føretak	13.784	39.802	16.401	43.462
Massemarknad			12.544	11.422
Engasjementer med pantesikkjerheit i eigedom	752.158	675.234	1.023.908	927.282
Forfalne engasjement	7.823	5.150	8.623	5.721
Høgrisiko-engasjement	6.477	6.420	6.477	6.420
Obligasjonar med føretrinnsrett	8.142	8.330	14.189	14.121
Fordring på institusjonar og føretak med kortsiktig rating	16.957	11.561	16.957	11.561
Andelar i verdipapirfond	6.400	6.546	6.827	6.982
Eigenkapitalposisjonar	30.308	27.801	37.419	33.886
Øvrige engasjement	32.538	82.596	36.185	84.678
CVA-tillegg			10.236	11.230
Sum berekningsgrunnlag for kredittrisiko	**890.569**	**878.934**	**1.223.025**	**1.196.756**
Berekningsgrunnlag frå operasjonell risiko	**102.161**	**88.152**	**108.399**	**93.884**
Kapitalkrav med utgangspunkt i faste kostnadar			**1.127**	**1.313**
Sum berekningsgrunnlag	**992.730**	**967.086**	**1.332.551**	**1.291.953**
Kapitaldekning i %	**23,40 %**	**21,85 %**	**22,77 %**	**21,68 %**
Kjernekapitaldekning	**23,40 %**	**21,85 %**	**22,24 %**	**21,14 %**
Rein kjernekapitaldekning i %	**23,40 %**	**21,85 %**	**21,86 %**	**20,68 %**
Uvekta kjernekapitalandel i %	**10,17 %**	**9,54 %**	**9,09 %**	**8,58 %**

Note 5 – Risikostyring

RISIKOSTYRING

Bankens forretningsaktivitetar førar til at verksemda er eksponert for ein rekke finansielle risikoar. Bankens målsetting er å oppnå ein balanse mellom avkastning og risiko, og å minimere potensielle negative verknader på bankens finansielle resultat. Bankens finansielle risikostyring er etablert for å identifisere og analysere desse risikoane, samt å etablere passande risikorammer og -kontrollar, og å overvake etterlevinga gjennom bruk av pålitelege og oppdaterte informasjonssystem. Banken vurderer jamleg dei etablerte retningslinjene for risikostyring og systemet som er etablert for å sikre at endringar i produkt og marknader blir reflektert i risikorammene.

Ansvaret for bankens risikostyring og kontroll er delt mellom bankens styre og leiing. Styret vedtar bankens mål og rammestruktur innanfor alle risikområde, herunder retningslinjer for styring av risiko.
Administrerande banksjef har ansvaret for bankens samla risikostyring. Alle avgjersler knytt til risiko og risikostyring blir normalt fatta av administrerande banksjef i samråd med andre medlemmer i bankens leiing.
Alle leiarar i banken har ansvar for å styre risiko og sikre god internkontroll innanfor eige område i tråd med banken sin vedtekne risikoprofil.

LIKVIDITETSRISIKO

Risikoen for at banken ikkje er i stand til å innfri sine skyldnadar ved forfall, samt risikoen for at banken ikkje klarer å møte sine likviditetsskyldnadar utan at kostnaden aukar dramatisk. Ut ifrå eit breiare perspektiv inneheld likviditetsrisiko også risiko for at banken ikkje er i stand til å finansiere auke i eigedelar etter kvart som refinansieringsbehovet aukar. Likviditetsstyringa tek utgangspunkt i bankens overordna likviditetspolicy vedteken av styret. Likviditetspolicyen vert gjennomgått minimum årleg. Bankens rammer og retningslinjer for likviditetsrisiko gjenspeiler bankens konservative risikoprofil på området.

Sjå note 14 for vurdering av likviditetsrisiko.

MARKNADSRISIKO

Banken er eksponert for marknadsrisiko, som er risikoen for at verkeleg verdi av framtidige kontantstraumar knytt til finansielle instrument vil endrast pga. endringar i marknadsprisar. Marknadsrisiko er knytt til opne posisjonar i rente-, valuta og aksjeprodukt som er eksponert mot endra marknadsprisar og endringar i volatiliteten en til prisar som rentesatsar, kredittspreadar, valutakursar og aksjeprisar.
